



AVVIKLA: Voss har avvikla den eksisterande ordninga med jolesamling i skuletida, fordi dette ikkje har vore i tråd med gjeldande regelverk. - Ei riktig avgjerd, meiner Human-Etisk Forbund. ARKIVFOTO: VIDAR HERRE

Stiller til debatt likevel

Ingen i Voss kommune ville stilla til debatt med Human-Etisk Forbund kring læring og forkynning i skulane. No har ordføraren snudd i saka, og stiller i kulturhuset på torsdag.

VOSS

- Heilt sidan mars har me prøvd å få tak i nokon frå Voss kommune til å stilla i panelet. Me har spurt kommunen heilt generelt om dei har nokon tilsette eller politikarar, alle rektorane, leiar for grunnskulane i kommunen, og ordføraren. Alle desse sa nei til å stilla, ifylgje Stine Strøm-Andresen, organisasjonssekretær i Region Vest i Human-Etisk Forbund.

Treng meir tid

Ho fekk til svar av ordførar Hans-Erik Ringkjøb at han hadde ein travel kvardag.

- No kan eg berre snakka for meg sjølv, men dette handlar rett og slett om tid og priorite-

ring. For å kunne delta i denne debatten, treng eg tid til å setja meg godt inn i saksfeltet. Grunnen til det er at det er ein veldig kjenslevar debatt, som eg tidlegare ikkje har engasjert meg særleg i, og då må eg vera budd. Det er med andre ord ikkje ein debatt eg ynskjer å stilla i utan eit godt førearbeid, sa Ringkjøb i eit svar til organisasjonen på kvifor han ikkje ville delta.

Reagerer

Human-Etisk Forbund reagerer på dette.

- Dette er alarmerande! Kommunen er faginstans og behandlar klagesaker når foreldre ved skulane klagar på praksis hjå sine skular, og mange av desse foreldra har fått endele-

ge avslag på sine klagar og har blitt fråtekne vidare klagerett. Korleis kan kommunen ha eit skule- og kyrkjesamarbeid og bruka skuletid til deltaking på gudstenester, i tillegg til å vera klageinstans, når ingen i kommunen kan nok om temaet? spør Strøm-Andresen.

Me er sjokkerte

Ho meiner at kommunen burde vore meir på bana med tanke på den store mediemerksmda som har vore kring skulegudstenestepraksisen på Voss.

- Voss kommune er vel den staden i Noreg som har fått mest mediemerksmd rundt sin skulegudstenestepraksis. Difor ynskjer me å setja opp denne debatten nettopp på Voss. Sidan me trudde at kommunen hadde jobba grundig og tatt stilling til regelverk og læreplanar, var me heilt sikre på at me her ville møta ein kommune med kompetanse og gode argument for sine avgjerdar. Difor er me no ganske sjokkerte over å møta ein kommune som ikkje vil delta i debatt og som tydeleg understrekar at dei ikkje har den kompetansen



STILLER LIKEVEL: Ordførar Hans-Erik Ringkjøb stiller til debatt torsdag. ARKIVFOTO: ROLF TEPSTAD

dei burde ha som fag- og klageinstans, seier Strøm-Andresen.

Gjer heilomvending

Hordaland byrja å jobba med denne saka fredag. Måndag melder ordførar Hans-Erik Ringkjøb at han har snudd i saka.

- Eg har hatt ein liten runde på dette. Konklusjon er at eg stil-

ler på debatten på torsdag, seier Ringkjøb.

Debatten skal føregå i Voss kulturhus, og på Facebook-sida til arrangementet er det registrert 60 interesserte og påmelde personar.

► **Stine Strand Carlsen**
sc@avisa-hordaland.no